

BØMLO KOMMUNE  
Rådhuset Leirdalen 1  
5430 BREMNESDato: 25.01.2018  
Vår ref.: 2018/771-4  
Saksbehandlar: elsaa01  
Dykkar ref.: anne-beth.njarheim@bomlo.kommune.no

## Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse. Vidareføring av tilskotsordning 2018 Bømlo Kommune

Hordaland fylkeskommune fekk i desember 2017 positivt svar på søknad til Helsedirektoratet om vidare tilskot til utviklingsarbeid i prosjekt *Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse*. Midlar for 2018 til fylkeskommunane er løyvd over statsbudsjettet kap. 714, post 60 i 2016.

Hordaland fylkeskommune har fått tildelt prosjektmidlar etter innsendt prosjektsøknad frå 06.11. 2017. Prosjektsøknaden byggjer på delrapportar med prosjektstatus for 2017 frå Askøy, Fjell, Stord og Bømlo kommunar, samt framdriftsplan og budsjett for kommunane i 2018. Helsedirektoratet har lagt budsjett, forventa måloppnåing og framdriftsplan til grunn for vidareføring av tilskot for Hordaland til bruk i 2018. Alle fylke har fått eit nedtrekk i tildelte midlar for 2018.

Hordaland fylkeskommune utbetalar frå dei nasjonale midlane kr 350 000,- til vidare prosjektutvikling til Bømlo kommune i 2018.

### *Vilkår for tilskot*

Tilskotet skal nyttast i samsvar med budsjett og tiltak skildra i søknaden frå Bømlo kommune. Hordaland fylkeskommune utbetalar tilskot til kommunane i tråd med vilkåra i tildelingsbrevet frå Helsedirektoratet for 2018, samarbeidsavtalen inngått mellom Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune i 2016, samt regelverket for ordninga.

I vedlagt tildelingsbrev – referansenummer 15/7495-15 går både vilkåra knytt til tildelinga fram samt opplysningar om formelle krav knytt til rapportering og revisjon. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### *Utbetaling*

Tilsegnsmottakar må innan 3 veker sende signert akseptskjema (sjå vedlegg) saman med ein faktura i EHF-format pålydande kr 350 000,- til Hordaland fylkeskommune.

### *Faktura adresse*

HFK sin elektroniske faktura adresse er: **9908:938626367**, vårt aksesspunkt er VISMA. Vi ber om at fakturaen må innehalde følgjande *fakturatekst*: Brev: 2018/771-4.

**I feltet «Dykkar referanse»** (som er eit obligatorisk felt i EHF-standarden HFK nyttar) skal det stå følgjande: 21236. Dette for at din faktura skal gå automatisk på flyt til rett mottakar.

### *Kontroll*

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Krav knytt til rekneskapsrapportering og revisorkontroll til Helsedirektoratet går fram av vedlagte tilsegnsbrev til Hordaland fylkeskommune.

### *Klage/innsyn i dokumenta*

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

### *Kontaktperson*

Kontaktperson i Hordaland fylkeskommune er Else-Marie B Aarø, Else-Marie.Aaro@hfk.no, mob.924 79 790.

Hordaland fylkeskommune ynskjer lukke til med det vidare prosjektarbeidet i prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i dykkar kommune!

Bård Sandal  
fylkesdirektør for regional utvikling

Mette Nora Sætre  
næringssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Akseptskjema

Tilskotsbrev til Helsedirektoratet